

MØTEBOK NYSÆTER SOKNERÅD

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Torsdag 5. mars 2026 kl. 19.00 – 21.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Ida Elin
Mat:	Reidun

« Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand »

Tilstades: Tormod Stautland, Ida Elin H. Tvedt, Sigrid T. Langøy, Bjarne Petterteig, Marit M. Romfog, Roald Sangolt, Olav J. Oma (sokneprest), Reidun Andersen (sakshandsamar).

Forfall: Heine Kaldefoss, Wenche Midttun.

SAKLISTE

2026/6
Vedtak: **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Godkjent.

2026/7
Vedtak: **Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 21.01.2026**
Godkjent.

2026/8
Saksutgreiing **Informasjon om konfirmantarbeidet v/kyrkjelydspedagog**
Kyrkjelydspedagog Solbjørg H. Angeltveit var med i starten av møtet og informerte om konfirmantarbeidet i sokna. Det er på veg nye rammeplanar frå sentralt hold, og eventuelle endringar står på vent fram til desse er på plass. Solbjørg gjekk grundig gjennom årshjulet for konfirmantundervisninga, der bl.a. dåp, læring, og truspraksis står sentralt.

2026/9
Saksutgreiing: **Misjonsprosjekt**
Nysæter kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt har sidan 2010 hatt fokus på kyrkjelydsbygging i Mustamae og Saku i Tallin. Avtalen gjekk ut i 2019, men har likevel vore aktiv med besøk frå NMS og Roar Vik om lag årleg. Soknerådet drøfter kor vidt ein skal fornye denne avtalen, eller om ein skal sjå på andre prosjekt ein kan vere med og støtte. Soknerådet oppnemner ein misjonskontakt for prosjektet det vert gjort avtale med.

Vedtak: Sigrid og Olav undersøker kva behovet er for støtte til noverande misjonsprosjekt har, og/eller om ein heller ynskjer å gå inn for eit nytt prosjekt. Under drøftinga i soknerådet kom det fram at det kan vere ein fordel å starte med eit nytt prosjekt for å skape meir fokus og engasjement.

2026/10
Saksutgreiing **Årsmøte 2026**
Nysæter kyrkjelyd sitt årsmøte vert søndag 12. april etter gudstenesta, soknerådet har utarbeidd forslag til årsrapport.

Vedtak: Soknerådet godkjente årsrapporten med endringar som kom fram i møtet.

2026/11
Saksutgreiing **Sofa vestibylen**
I 2024 hadde kyrkjelyden basar til inntekt for nytt inventar og utstyr i kyrkja. Sofaen i vestibylen var ny i 2012. Ved tidlegare høve er nokre av dei lilla modulane bytta ut til grå. No er det behov for å bytta ut resten av dei lilla modulane. AU har, i lag med representant for Kinnarps som i si tid laga sofen og modulane i etterkant, hatt synfaring på sofaen og fått tilsendt tilbud. Det er innhenta pris både frå Kinnarps og frå Podlen verkstad på nye bord. Soknerådet vedtar om ein skal bytte alle modulane i ein farge, eller skifte ut dei lilla med ein farge som kan passe med dei grå som er i dag. Her er forslaget å gå for ein grønnfarge. Det ligg og føre forslag til 4 stolar som passar til sofaen.

MØTEBOK NYSÆTER SOKNERÅD

- Vedtak** Soknerådet vedtok å skifte ut dei lilla modulene til grønne, og kjøpe 4 stolar som passer til. Soknerådet vedtok å bestille bord hos Podlen verkstad.
- 2026/12 Saksutgreiing** **Søknad om misjonskveld med Garden of Eden Kenya**
Soknerådet har fått forespørsel frå misjonsforeninga Garden of Eden Kenya om dei kan arrangere misjonskveld i kyrkja i løpet av september.
- Vedtak** Soknerådet godkjente søknaden frå misjonsforeninga Garden of Eden Kenya om å arrangere misjonskveld i kyrkja.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. Satsingar vidare – meir informasjon på neste møte
2. Frivilliglista i staben sitt program/verktøy Medarbeideren – arbeid framover, Reidun orienterte om oppbygginga av grupper i programmet.
3. Kyrkjemiddag 22.03, Marit og Reidun lagar betasuppe/ pølse og brød, og tar kontakt om dei treng fleire til å vere med å lage til søndagen.
4. Lørdag 21.02 var kyrkja utleigd til ei Eritreisk- Etiopisk ortodoks gudsteneste, 23 stk hadde ei fin stund i kyrkja, med kyrkjekaffi etter gudstenesta. Mulig dei kjem til å søkje om å ha gudsteneste i kyrkja seinare.
5. Bjarne Petterteig er ny klokkar i gudstenestene.
6. Evaluering frivilligfesten; mange gode tilbakemeldingar og ein veldig kjekk ettermiddag/kveld, passeleg mengde program, fin musikk ved Roald Sangolt, god mat (rikelig). Passeleg tid, 17 – 19.30. Det bør muligens organiserast/planleggast bedre neste gong ang å ha nok folk til det praktiske/kven gjer kva.
7. Olav informerte om aktivitetane som skjer i kyrkja.
8. Bårehuset skal få ny kjølepumpe e.l., og i det høve måtte preikestolen ut pga arbeidet som pågår framover. Preikestolen har stått der sidan hausten 2014, då det var ynskje om å flytte lysgloben bort der preikestolen stod. Preikestolen var sjeldan/aldri i bruk. Inntil vidare står den i kyrkjerommet, inntil vegen mellom klokkarstolane og alterteppet. Mulig den kjem til å bli flytta ein annan plass.

Referat, skriv og meldingar:

1. Diakoniutvalet

Referat frå sokneråda og fellesrådet ligg på heimesida; kyrkjastord.no

Viktige datoar 2026:

- 24. mars** Fasteaksjonen
10.-11. april Døgnet i Haugesund
12. april Årsmøte, gi beskjed til Sigrid om ein ikkje har høve til å vere med på møtet

Sigrid Theodorsen Langøy
soknerådsleiar
sign.

Reidun Andersen
sakshandsamar
sign.

Neste møte i Nysæter sokneråd: 16.04. kl. 19.00 – 21.00
Opning ved Sigrid